

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

ATT: Fylkesutvalet/Fylkesrådmann

Vår ref  
TL

Dykkar ref

Dato  
04.06.18

### **Søknad om økonomisk støtte til etablering av SITEP AS med øvingsfabrikk**

Årdal Utvikling skal saman med industrien i Årdal, SINTEF Raufoss og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane etablere eit FoU-senter i Årdal knytt opp mot Norsk Katapult senteret på Raufoss.

Vi søker Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å delta med økonomisk støtte på kr 5 mill. i støtte til etablering av øvingsfabrikk av ein total investering på kr 14 mill., og kr 2,4 mill. i støtte til utviklingsprosjekt av FoU-senteret av ein total kostnad på 7,5 mill.

#### **Bakgrunn:**

Årdal Utvikling har gjennom prosessen med Strategisk Næringsplan 2017-2020 jobba med å utvikle ein «innovasjon og kompetansestrategi» for Årdal. Dette basert på at industrimiljøet i Årdal med dei største verksemdene Hydro, Norsun, IMPEC og HMR i spissen ga sterkt uttrykk for behov for å auke kompetansen blant eigne tilsette, sikre rekruttering av rett kompetanse framover og kunne utvikle ny teknologi knytt til Industri 4.0 for å vere konkurransedyktige.

Gjennom prosessen med å utvikle strategien har Årdal blitt pilot node under Norsk Katapult på Raufoss saman med SINTEF Raufoss. Det har kome tydeleg fram at for å realisere strategien er det behov for å utvikle eit lokalt FoU-senter med øvingsfabrikk og kompetansesenter.

Realisering av strategien skjer gjennom etablering og utvikling av SITEP AS som eit FoU-selskap med øvingsfabrikk, og etablering av eit kurs og kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor. Dette er aktørar som skal ha ei regional rolle mot næringslivet i heile regionen. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vil ha ei sentral rolle som ein sterk aktør i dagens innovasjonssystem og tett kontakt med næringslivet i heile regionen.

#### **Øvingsfabrikk:**

Som node under Norsk Katapult på Raufoss er det behov for å etablere ein øvingsfabrikk i Årdal som del av FoU-senteret. Det er plan om å investere 14 mill. dei neste 3 åra i Festo «CP factory», maskiner, robotar, AGV, hardware, software, styringssystem, sikkerheitsløyningar, osv.

Dette skal nyttast til:

- Kobling mot Norsk Katapult – samarbeid og utvikling av teknologi/kompetanse
- Testing av teknologi for næringslivet for å gjere vegen kortare til kommersialisering
- Bruk av kompetansesenter for øving/kurs for næringslivet
- Bruk i undervisning for vidaregåande skule (Automasjon, elektro, TIP, Prosess/kjemi, osv)
- Bruk i studentoppgåver/undervisning for fagskule/høgskule
- Bruk av Nærings PhD og FoU prosjekt for næringslivet

Eigen søknad på støtte til etablering av øvingsfabrikk er sendt i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) – samfunns- og næringsutvikling.

#### Utviklingsprosjekt:

SITEP AS (Senter for Innovasjon, Teknologi og Prosess) er eit teknologi og nettverksselskap som er stifta av Årdal Utvikling. Det er ein pågåande emisjon i selskapet der Hydro, Norsun, HMR Hydeq, IMPEC, SINTEF Raufoss og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane går inn på eigarsida.

SITEP AS er eit selskap som skal jobbe med å utvikle FoU-senteret/øvingsfabrikk som node av Norsk Katapult på Raufoss, bistå i å teste og utvikle ny teknologi, støtte med teknologikompetanse i innovasjonsprosjekt og etablere fleire FoU prosjekt saman med utdanningsinstitusjonane.

Søknaden er knytt til etablering og utvikling av dette selskapet med kompetanse og tenestetilbod saman med aktørane. Kostnad knytt til dette er budsjettert til 7,5 mill dei neste 3-5 åra.

Eigen søknad på støtte til etablering og utvikling av SITEP – kompetanse, teknologi og innovasjon er sendt i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) – samfunns- og næringsutvikling.

#### Avslutning:

Årdal Utvikling tillet seg med dette å søke om 7,4 mill i fylkeskommunalt tilskot til SITEP AS og etablering av FoU-senter med øvingsfabrikk.

Dersom det er behov for ytterligare informasjon om prosjektet, står vi sjølvsgt til teneste.

Med helsing  
Årdal utvikling



Terje Laberg  
Dagleg leiar